



Saksframlegg

Val Fyresdal ungdomsråd 2025-2027

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret

Dokument i saka:

Reglement Fyresdal ungdomsråd
Resultat val ungdomsrådet 2025-2027

Bakgrunn for saka:

Fyresdal ungdomsråd skal veljast for to år av gongen, noverande råd gjeld fram til nytt vert oppretta hausten 2025. Det blei gjennomført val i mai, som etter reglementet skal gjennomførast før skulestart. Kommunelova § 5-2 seier at kommunestyret sjølv skal vele ungdomsråd. Ungdomsrådet er rådgjevande organ for kommunen og dei har rett til å sei si meining i saker som gjeld ungdom. Dei som blir valde til ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år. Valperioden kan vera inntil 2 år. Dei som blir valde inn i ungdomsrådet er rekna som folkevalde. Reglane i ny kommunelov som gjeld for folkevalde personar gjeld og for medlemene av ungdomsrådet. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035;

Fyresdal kommune skal stimulere til politisk arbeid.

Det har vore gjennomført skuleval på Gimle i mai, i tillegg blei det gjort eit forsøk på å nå dei fleste vidaregåande elevane på Dalen vgs. Det var ein god kombinasjon av kandidatar som stilte til val, både i alder, kjønn og busetnad. Valdeltakinga er god når ein gjennomfører på Gimle skule, men ein ser at det er vanskeleg å nå elevane på vidaregåande, så der er valdeltakinga lågare.

Det er ynskjeleg med ein balanse mellom kjønn i dei som blir vald inn, men vanskeleg å krevje full kjønnskvotering når det blir gjennomført val på den måten vi gjer i Fyresdal. Men der det er like mange stemmer gjer ein grep for å likne dette ut. I år var det som sagt god balanse i kandidatar som stilte til val, men veldig ujamn kjønnsfordeling når valet var gjennomført; fire av dei fem faste valde medlemene er gutar. Varamedlem er to jenter og ein gut. Dette er fyrste gongen det har vore så skeiv fordeling. Men det er like mange jenter som gutar som har stemt, det seier noko om kven dei ynskjer inn i

utvalet. Denne perioden er det overvekt gutar i rådet, tidlegare har det vore overvekt jenter.

Konklusjon:

Det er gjennomført val med ungdomen, men det er likevel kommunestyret som endeleg skal vedta samansetninga av ungdomsrådet. Oppstart for det nye rådet er haust 2025. Nedanfor fylgjer resultatet frå valet med ungdomen gjennomført mai 2025.

Alfabetisk rekkefylgje:

- | | |
|-------------------------|----------------------|
| • William Matheo Bergve | 1. vgs til hausten |
| • Gaute Hvistendal | 10. trinn til hauste |
| • Bjørn Høyland | 1. vgs til hausten |
| • Maddelen Rinden | 2. vgs til hausten |
| • Aksel Aamlid | 10 trinn til hausten |

Varamedlem:

- | | |
|--------------------------------|----------------------|
| 1. Gaute Nilsen | 2.vgs til hausten |
| 2. Nora Tomine Hagquist Nystad | 9. trinn til hausten |
| 3. Vilde Gasman Nesland | 9. trinn til hausten |

Kommunestyret bør fylgje ungdomens val i sitt vedtak.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommunestyret fylgjer innstillinga frå ungdomens gjennomførte val. Fyresdal ungdomsråd 2025-2027 blir:

Alfabetisk rekkefylgje:

- | | |
|-------------------------|-----------------------|
| • William Matheo Bergve | 1. vgs til hausten |
| • Gaute Hvistendal | 10. trinn til hauste |
| • Bjørn Høyland | 1. vgs til hausten |
| • Maddelen Rinden | 2. vgs til hausten |
| • Aksel Aamlid | 10. trinn til hausten |

Varamedlem:

- | | |
|--------------------------------|----------------------|
| 1. Gaute Nilsen | 2.vgs til hausten |
| 2. Nora Tomine Hagquist Nystad | 9. trinn til hausten |
| 3. Vilde Gasman Nesland | 9. trinn til hausten |

Ungdomsrådet vel sjølv leiar og nestleiar.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur